



Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Torsdag 18.04.2024

Tid: Kl. 18.30 - 21.00

Ord for dagen: Anne Marie Røed, om kvinna ved Sykars brønn, Joh 4

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Lillianne Drønen Jæger møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	leiar
Anne Marie Røed	nestleiar
Tom Rydland	medlem
Anne Kristin Skår	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Mette Elisabeth Lambach	medlem
Bård Inge Bø	medlem
Kari Raunholm	Medlem forfall
Olav J. Oma	sokneprest
Gisle Levåg	kommunal representant
Lillianne Drønen Jæger	1. vara
Rune Helland	Kommunal representant

Fitjar, 18.04.2024

Svein Lunde
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2024/16	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2024/17	012.1	Godkjenning av referat fra soknerådsmøte 22.02.2024	X
2024/18		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2024/19		Rekneskap for Fitjar sokn 2023	X
2024/20		Økonomireglement for Fitjar sokn	X
2024/21		Nytt anlegg for varmestyring i kyrkja	X
2024/22		Samtale om brev med innspel fra medlem i kyrkjelyden	X
2024/23		Meldingar / open post	X
2024/24		Arrangement i kyrkja sin regi	

Sak 2024/16 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2024/17 012.1 Referat fra sist møte**Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat fra møte den 22.02.2024.

Sak 2024/18 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden**Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2024/19 Rekneskap for 2023

Rekneskapen for Fitjar sokn 2023 er no avslutta og klart for å leggjast fram for soknerådet. Etter at soknerådet har gjort sitt vedtak skal det sendast vidare til revisor, som skal gå gjennom det og avgje revisjonsmelding. Dersom revisor finn at det må gjerast endringar i rekneskapen, må dette opp til ny behandling og godkjenning i soknerådet. For ordens skull legg me opp til at soknerådet uansett får rekneskapen, med m.a. avsetjing til, og bruk av fond, opp til endeleg godkjenning etter at revisjonen er avslutta.

I «Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke» står det at rekneskapen skal vera framlagd innan 22. februar i året etter rekneskapsåret, og at revisor skal avgje revisjonsmelding innan 30. april. Desse fristane har me ikkje vore innafor tidegare år, og heller ikkje dette året. Årsaka er at kyrkjekontoret og kommunen si økonomiavdelinga ikkje har kapasitet til å ha heile rekneskapen klar

så snart etter årsskifte. Det er ikkje innført sanksjonar for brot på desse fristane, så det får ikkje økonomiske eller andre konsekvensar for soknet at me er seint ute.

Rekneskapen vert lagt fram med eit netto driftsresultat på kr. – 133.698,-. At det er underskot skuldast i hovudsak ei stor tilleggsrekning på pensjon som kom frå KLP i slutten av året. Dersom me ser bort frå denne rekninga viser rekneskapen at det har vore god økonomistyring i soknet gjennom året.

Eigenkapitalen til soknet inneholder fleire bundne fond og disposisjonsfond. Soknerådet kan fritt bruka av disposisjonsfondet, medan bundne fond skal nyttast til føremålet dei er avsett til. Pr. 31.12.2024 er disposisjonsfondet på kr. 1.495.885,-.

Gjennom året får soknet gåver til ulike deler av arbeidet i kyrkjelyden. Slike øyremerkte midlar må brukast i tråd med gjevar sitt ynskje. Inntektene ver ført i driftsrekneskapen etter kvart som dei kjem inn. Dersom t.d. diakonitenesta ikkje har brukt opp alle gåvene i løpet av året, bør desse setjast av til eit bunde fond som kan brukast seinare år. Dette er tekniske rekneskapsgrep som kan tilretteleggjast av kyrkjekontoret og leggjast fram i som eiga sak for soknerådet.

Eg vil rå til at soknerådet godkjenner rekneskapen slik det no ligg føre, og sender det vidare til revisor.

Vedtak:

1. Soknerådet viser til saksutgreiinga og sluttar seg til årsrekneskapen for Fitjar sokn 2023.
2. Soknerådet ber om at rekneskapen kjem tilbake til soknerådet for endeleg godkjenning etter at revisjonen er gjennomført.
3. Soknerådet ber om at kyrkjeverja legg fram eiga sak om etablering av bundne fond for å sikra at gåver til kyrkjelyden vert sett av og brukt til det føremålet som gåvene er meint å støtta.

Sak 2024/20 Økonomireglement for Fitjar sokn

Fram til no har me ikkje hatt eige økonomireglement for Fitjar sokn. For at det skal vera ryddige forhold rundt økonomiforvaltninga i kyrkja, og at det ikkje skal vera tvil om kven som har fullmakt til å gjennomføra ulike økonomiske disposisjonar i soknet, er det nyttig å ha eit slikt reglement. Difor er det i «Forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkje» teke inn ein eigen paragraf som stiller krav om å ha økonomireglement. Paragrafen lyder slik:

§ 20.Økonomireglement

(1) Soknets organer skal vedta bestemmelser om økonomiforvaltningen i eget økonomireglement.

(2) Dette skal minst inneholde bestemmelser om:

- a. delegering av myndighet
- b. utarbeidelse av budsjettforslag til kommunen
- c. vedtak og endring av årsbudsjett
- d. intern rapportering og budsjettoppfølging
- e. framleggelse av årsregnskap og årsberetning.

(3) Økonomireglementet for sokn i kommuner med flere sokn skal godkjennes av organ for soknet på kommunenivå.

Dokumentet som vert lagt fram for soknerådet tek utgangspunkt i eit døme som er tilgjengeleg på KA sine sider, og kyrkja i Etne sitt reglement som vart vedteke for nokre år sidan. Desse er justerte slik at dei skal passa for oss i Fitjar som er eittsokns-kommune, og difor ikkje har fellesråd.

Soknerådet sitt arbeidsutval har tidlegare fått fullmakt til å utarbeida og inngå arbeidsavtale med kyrkjeverja. Arbeidet med dette vil verta sluttført når økonomireglementet og eit generelt delegeringsreglement, som kjem opp på eit seinare møte er godkjent av soknerådet.

Som kyrkjeverje vil eg tilrå at soknerådet gjer vedtak om økonomireglementet slik det no ligg føre.

Vedtak:

Soknerådet viser til saksutgreiinga og framlegg til økonomireglement. AU kan redigera dokumentet, som skal evaluerast årleg. Økonomireglement for Fitjar sokn vert vedteke slik det ligg føre.

Sak 2024/21 Nytt anlegg for varmestyring i kyrkja

Anlegget som skal styra varmen i Fitjar kyrkje vart truleg installert i 2006. Den gangen var nok dette eit moderne og godt tenleg anlegg, men etter kvart er anlegget vorte ustabilt og manglar fleire funksjonar som bidreg til energiøkonomisering og funksjonell bruk.

Den siste tida har me opplevd at varmen ikkje vert sett på når arrangement skal finna stad, sjølv om det er lagt inn i systemet at kyrkja skal vera oppvarma på dette tidspunktet, noko som er svært uheldig for dei som skal delta på arrangementa. På den andre sida har me opplevd at kyrkjerommet har vore ferdig oppvarma utan at det er planlagt arrangement, og utan at me har lagt det inn i varmestyringa. Dette resulterer i at me brukar straum og pengar på oppvarming som ingen har nytte av.

Eg vil og nemna eit par forhold som gjer noverande anlegg tungvint i bruk. Det eine er at me ikkje kan styra varmen i andre rom enn sjølve kyrkjeskipet. Å kunna legga inn oppvarming på førehand for sakristia og kyrkestova ville vera ein stor fordel. Det andre eg vil nemna er at me må vera fysisk på plass i kyrkja for å justera varmestyringa. På anlegga som vert leverte i dag vil dette kunne gjerast kvar som helst frå ein PC eller mobiltelefon, så lenge det er internettdekning.

Etter ei samla vurdering er me kommen fram til at tida er inne for å få på plass eit nytt anlegg for varmestyring i kyrkja. Kantor Jan Overweg har høg kompetanse på dette området, etter å ha hatt ansvar for slikt i Stord kyrkje gjennom mange år. Han og eg har saman sett på behov og ulike løysingar for nye anlegg som vil passa i vår kyrkje. Me har fått inn tilbod frå to ulike firma som kan levera slike anlegg. Sidan me er midt i ein prosess som kan enda med at det skal gjerast avtale med ein av desse leverandørane må dokumenta som høyrer til saka behandles i lukka møte og vera u.off. fram til soknerådet har gjort vedtak.

Dokumenta vil verta lagt fram på møtet og det vert sett av god tid til å gå gjennom dei ulike løysingane, slik at soknerådet har høve til å gjera vedtak på grunnlag av god informasjon og grunngjeving.

Vedtak:

1. Soknerådet går inn for at det skal komma på plass nytt anlegg for varmestyring i kyrkja.
2. JEFF Electronics AB vert vald som leverandør av anlegget, slik det kjem fram av tilbod av 21.3.2024. Tilbodssummen lyder på NOK 99.600.
3. Det skal søkjast om kommunal støtte til prosjektet. Soknerådet forskutterar kr. 100.000,- frå ubunde disposisjonsfond for at anlegget kan setjast i drift i god tid før hausten.
4. Tenester frå elektrikar for å leggja til rette for nytt anlegg vert dekka av kyrkja sitt vedlikehaldsbudsjet for 2024.
5. Kyrkjeverja får fullmakt til å inngå avtalane som må til for å gjennomføra prosjektet.

Sak 2024/22 Samtale om brev med innspel frå medlem i kyrkjelyden

Soknerådet har motteke eit brev som går på arbeidet i kyrkjelyden.

Soknerådsleiaren orienterte om brevet. Etter orienteringa gjekk ordskifte på korleis saka vart handert. Brevet blir sendt ut til medlemene.

Vedtak:

Soknerådet set pris på at medlemene engasjerer seg. Au fordelar sakene vidare til dei det vedkjem.

3 stemmer i mot, Tom Rydland, Anne Marie Røed, Bård Inge Bø
7 stemmer for

Sak 2024/23 Meldingar / open post

Under meldingar og open post vil det verta lagt fram innformasjon om m.a. desse sakene:

- a) Arbeidet med årsmeldingane for 2023, årsmeldinga blir sendt ut så rådet kan lese gjennom før møtet.
- b) Trusopplæringa, sjukefråvær og vikariat
- c) Sommarvikarar på gravplassen og i kyrkja
- d) Anlegg av nye kistegraver, arbeidet er begynt.
- e) Rekning for vassavgift, kuriositet som kom i avisene, 6000 kubikk lekkasje, 6.000.000 liter.
- f) Prosten sitt brev blir sendt vidare til soknerådsmedlemene.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande.

Sak 2024/24 Arrangement i kyrkja sin regi, utsett til måndag 22. april.

Møte slutt klokka 21.15

Soknerådsmøte held fram

Måndag 22.04. kl 19.00

Svein Lunde	Leiar X
Anne Marie Røed	Nestleiar X
Tom Rydland	Medlem X
Anne Kristin Skår	Medlem X
Håkon Rydland Sæbø	Medlem X
Mette Elisabeth Lambach	Medlem X
Bård Inge Bø	Medlem
Kari Raunholm	Medlem X
Olav J. Oma	Sokneprest X
Lilliane Drønen Jæger	1. vara

Sak 2024/24 Arrangement i kyrkja sin regi, utsett til måndag 22. april.

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som gudstenester, trusopplæring, konsertar m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lita evaluering av desse arrangementa. Soknerådet bør og vera kjend med kva som skal arrangerast i nærmeste framtid for å sjå til at planlegging og gjennomføring er sikra på ein god måte. Av arrangement som har vore og skal gjennomførast kan me nemna:

- a) Konsertar og andre arrangement i påskehøgtida og sidan sist soknerådsmøte
 - To temakveldar
 - Jofrid Bjørkvik «God nok»
 - Rydlandsbrørne med vener som song evangeliet, arven etter Rasmus Rydland
 - Konsert med Øystese og Norheimssund ungdomskor.
- b) **Samtalegudsteneste og konfirmantfest den 8. mai**, her er det føresette for fjorårskonfirmantar som ryddar til og ryddar opp.
Komiteen for Venestemne, 9. mai, har bede om at dei som ryddar opp, set borda inn i matsalen til 3 langbord, med plass til 90 menneske.
I møtesalen set ein opp stolar til 120 menneske.
Venestemne på Fitjar Bedehus den 9. mai, Jan spelar på gudstenesta som startar 12.00, saman med Olav.
- c) Konfirmasjonsgudstenester den 11. og 12. mai, her arbeider vi med å få musikalske innslag.
- d) Gudsteneste den 17. mai, her spør eg Skulekorpset om å spela til opning og Osternes mannskor er spurta om å vera med.
- e) Pinstihelg og gudstenester den 19. og 20. mai. Her er mykje på plass, 2. pinsedag tek Randi Matre, Roald Drønen og Harald Rydland ansvar for gudstenesta ved gapahuken.
- f) Årsmøte i kyrkja den 26. mai, blir sendt ut på mail så soknerådet får sett gjennom meldinga.
Gå direkte frå gudstenesta til årsmøte, kyrkjekaffi etterpå.
- g) Jubileumsgudsteneste i Fitjar kultur- og idrettsbygg den 2. juni.
Jan Overweg er med.
NRK har svart at vi kan overføra gudstenesta i kultursalen.
Samtale om det skal vera nattverd eller ikkje i gudstenesta. Mange omsyn å ta, og vi bestemmer at vi ikkje har nattverd denne dagen, men lagar ei avslutning på gudstenesta og går vidare med programmet for dagen.
Vi presenterer soknerådet før vi går vidare.
- h) Gudsteneste i samband med Fitjarfestivalen den 23. juni
Vedtak :
Soknerådet vil gjerne ha gudsteneste på campingen 23. juni.
- i) Friluftsgudsteneste i samband med Håkonarhelga den 1. september
Vedtak:
Soknerådet går inn for å ha denne gudstenesta i Moahagen.

Ymse

- Kyrkjevertar, soknerådet blir med vidare
- Kyrkjevertskilt Tom spør om kyrkjevertskilt hos Helland CNC.

- Offerbøsse med lokk der ein slepp setlar ned.
Svein spør etter på Tysnes.

Møtet ferdig mandag 22. april 20.45

Skrivar

Olav J. Oma